



SOL I SKUGGESKOG · LIVET

- 1. KJÆRLEIKSVISE**
- 2. AVMAKT**
- 3. MØTE**
- 4. EIN DRAUM KAN VEL ALDRI BLI SVIKAR**
- 5. VÅRVIND OG MINNER**
- 6. DITT NAMN**
- 7. LIVET**
- 8. SKUGGESKOGSFRED**
- 9. FJELLTUR**
- 10. I AUGO DINE**
- 11. FUGLEN OG TREET**
- 12. SÅRT ER MITT HJARTA**



En høstdag 2010 bestemmer dikteren Finn Sandum seg for å dele diktsamlingen han har skrevet på og holdt for seg selv i over tredve år, med nevøen Øyvind. Dette er dikt som han har skrevet mest for å få utløp for det indre. Det er svært personlig og nært. Han ber nevøen se om han kan sette musikk til diktena. Den samme høsten setter Øyvind og barndomsvennen Einar seg ned og begynner arbeidet med å tonesette diktsamlingen. Den ene låten etter den andre tar form, og i dag, tre år senere, har et tredvetalls dikt fått egne liv som melodier. Dette albumet inneholder noen av disse melodiene. Det har fått tittelen «Livet», en tittel som gjenspeiler innholdet i teksten. Som livet for øvrig er også tekstene fylt av liv og latter, sorg og glede, kjærighet og savn. Musikken gir farge til stemningen som ordene setter. Sammen skapes et rikt og variert bilde – ikke ulikt livet selv.

1. KJÆRLEIKSVISE

(F. SANDUM/E. LIAN-BJØRGUM)

Når auga ikkje lengre har tårer
og puta mi har fått så ho er våt,
da er det som om bildet av deg sārar
og minna om deg druknar i min gråt.

Da er det som ho sloknar, siste vona,
om at eg nokon gong skal sjå deg att.
Eg trur fortvila det er domen eg skal sona.
Det er som ljose dagen vert til natt.

Da er det som om alle skuggar móta
og samlar seg omkring meg her eg går.
Og sola stoppar opp og snur på himmelen
og vinter'n byrjar når eg ventar vår.

2. AVMAKT

(F. SANDUM/E. LIAN-BJØRGUM)

Mi makt vart meg gjeven i ordet.
Mi gjerning var oftast veik.
Slåss var det sjeldan eg gjorde.
Motet som regel sveik.

Støtt var eg sterkest om natta
i einsemd i mørke rom.
Då skreiv eg dikta om verda,
men spakna når dagen kom.

I einsemda slåss eg for alle
mest for dei minste på jord.
Då var eg krigshelt å kalle,
men våpna vart berre ord.

Og kva kan vel orda gjera
når verda står raud av eld?
Kva kan vel orda gjera
når øyro har teke kveld?

3. MØTE

(F. SANDUM/E. LIAN-BJØRGUM)

Som ein engel du kom gjennom skogen
liksom svevande, lett på tå
og sa til mitt sovande hjarte:
Alt det du vil skal du få!

Du tok meg så grundig på senga
eg rakk ikkje løfte mitt sverd.
Nå styrer du heile mitt hjarte
nå er du i alt eg gjer.

Du gav meg eit himmelhelvet'
så inderleg, ekte, så reint.
Du stal alt ved berre å gje deg.
Du gjekk ikkje omveg, men beint.

Så enkel var eg å vinne,
men ingen har sett det før.
Alle dei andre gjekk omveg.
Du kom rett til mi ulåste dør.

Du sto ikkje ute og venta.
Du sto 'kje på trappa og bad.
Du kom berre inn og tok meg
ved hjelp av alt det du gav.

Visste du kva du gjorde?
Kanskje det vart berre slik.
Du gjorde meg rakande fattig
og likevel himlende rik.

Ein engel kom gjennom skogen
liksom svevande, lett på tå.
Nå græt mitt elskande hjarte:
Eg er så redd du skal gå!



4. EIN DRAUM KAN VEL ALDRI BLI SVIKAR

(F. SANDUM/Ø. SANDUM)

Eg hugsar ei vårnatt eg sat her og drøynde
og song meg ein sumar i lykke og rus.
Å vera hjå deg var vel nett det eg drøynde.
Då haustvinden kom, låg vår lykke i grus.

Ser restar av sumarens glød bak mitt gjerde.
Bak fjella i sør heng ein måne så bleik.
På sumarens rest byrjar hausten å tære,
som den tærer mi livslyst, som no blir så veik.

Ein minkande måne heng stilt over fjella
og spør meg i eininga varleg og veik:
Dei restar av sumar som svinn bak hafella –
det var kanskje dei som du gjekk der og sveik?

Eg sit der eg sat da eg drøynde i vår
og rundt meg står alt det eg likar.
Dei spør og dei spor der eg ynkeleg går:
Ein draum kan vel aldri bli svikar?

5. VÅRVIND OG MINNER

(F. SANDUM/Ø. SANDUM)

Eg møtte ein vind uti skogen
der björkene kvitlegga står.
Han song meg så vakker ei vise
om kjærleik og tidleg vår.

Han rørde så finstemde strenger
og spelte så vart min gitar.
Han førde meg langt attende
til vårar som ein gong var.

Han ruska meg litt i håret
og måltrosten drog opp sin song.
Og båe forkynde meg styrke
at det var ein annan gong.

Båe song vakkert om livet
og sa meg: Du står her du står.
Ta vare på gode minner,
men hugs det er no det er vår.

6. DITT NAMN

(F. SANDUM/E. LIAN-BJØRGUM)

Første våren skreiv eg namnet ditt med eld.
Eit vindpust strauk forbi og sløkte det mot kveld.

På elvebredda skreiv eg det i sand.
Men stormen kom og strauk det med si hand.

Eg hogg det inn i berg i vårkjøndlia.
Der skal det skurast bort av is ein gong i tida.

Du skreiv det sjølv med handskrift inn i ára.
Der vil det alltid lyse gjennom uvêrsbåra.



7. LIVET

(F. SANDUM/E. LIAN-BJØRGUM)

Du sprang i din ungdom på grasgrøne eng,
det dufta av hegg imot vår.
Nå ligg du på puta i kvitreidde seng
er metta av alder og år.

Nå veit du at livsdagen også har kveld,
at blomar på hegg blir til bær.
Om blomen er borte, heng frukta der lell,
har mognast i skiftande vêr.

Blomen er borte, men steinen heng att.
Dine kronblad er visne og do',
men dagen du stridde som snart vert til natt
la i steinen eit spirande frø.

8. SKUGGESKOGSFRED

(F. SANDUM/E. LIAN-BJØRGUM)

Du kunne følgd meg inn i skuggeskogen
og sett dei draumane som ein gong dø'.
Du kunne følgd meg inn i skuggeskogen
og sett eit einsleg lite hjarte blø.

Men kjem du inn i mørke skuggeskogen
så finn du sjeldan vegen ut til ljós.
Han stanar deg som steinen stanar plogen.
Skuggeskogsfreden er ein farleg los.

Stanar du blant skuggane der inne,
går heile verda kringom deg i stå.
La aldri verda rundt deg din veg finne.
Den er det du, og ikkje verda som skal gå.

9. FJELLTUR

(F. SANDUM/E. LIAN-BJØRGUM)

Eg høyrer ein song ifrå fjellet,
frå tindar og våte myr,
som lokkar meg opp ifrå bygda
mot fjellheimens eventyr.

Der reinlaven kryp over rabbar
og dekker den magre jord.
Der myrull i fjellbrisnen vaggar
og talar forutan ord.

Der inne på vide vidder
eg andar i djupe drag
mens heiloen vemodig varslar
ein gryande sommardag.

Bak snødekte, høge tinder
stig tindrande sommarsol opp.
Ein kvilestein tett innved bekken
gjev ro i ein aldrande kropp.

Her vil eg nyte mi niste
og lytte til fjellbakkens song
og kjenne ein liten fjellkar
krype opp på eit bestefarfang.



10. I AUGO DINE

(E. LIAN-BJØRGUM/Ø. SANDUM)

I augo dine ser eg alltid hugen
og eg kjenner at du er meg nær.
Når alt omkring oss flakkar
kan eg alltid finne deg der.

I augo dine ser eg stundom harmen
og ein vilje så hard som stål.
Som ein villhingst ingen kan tøyme
som siktar beint mot sitt mål.

I augo dine ser eg sjeldan tårer,
men når du gret er gråten din sår.
Kvart eit klynk skjær langt inn i hjartet,
og når du gret er sorga di vår.

I augo dine ser eg alltid sanninga,
knusande, ærleg og rå.
Eg speglar meg i ljoset frå blikket
og ser kva for veg eg vil gå.

11. FUGLEN OG TREET

(F. SANDUM/E. LIAN-BJØRGUM)

Ein liten fugl i mørke natt
fann att sitt gamle tre.
Og treet kjende fuglen att
og fuglen slo seg ned.

Da treet blømde for sin gjest
og baud han plass til reir.
Da treet trengde fuglen mest
Han kunn' kje kvila meir.

Med rot i jord sto treet fast
med omsorg, fred og ly.
Men fuglen flaug i kav og hast,
nå leitar han på ny.

12. SÅRT ER MITT HJARTA

(F. SANDUM/Ø. SANDUM)

Sårt er mitt hjarta av elden som brenn
– nei, det er tusen eldar.
Urettar tærer meg litt om senn.
Livet mitt øydest. Det kveldar.

Avmakta tyngjer meg. Stor er mi skuld.
Eg veit eg har plikter for verda.
Avgrunnar stengjer meg. Ord er som null.
Kva kan ein einstøing gjera?

Sløkk mine eldar og slette mi skuld!
La verda få gå sine vegar.
Set bind for mitt auge og gjev meg eit liv
som kan levast utan å leva.



Grunnopptakene er innspilt live i Brygga Studio (Trondheim)
3.-8. februar 2013.
Fele og vokal er innspilt på «Loftet» i Nedre Tunveg (Oppdal) 25. mars og 9.-12. mai 2013.

Produsent: Anders Engen
Tekniker: Dag Erik Håvimb
Miks/mastering: Ulf Holand - Holand Sound AS

Cover art: Mali Anette Hoel
Foto: Ketil Jacobsen
Grafisk design: Eva Karlsson

Sol i skuggeskog er:
Ingrid Lian-Bjørgum: vokal
Øyvind Sandum: trekkspill, vokal
Einar Lian-Bjørgum: gitar, vokal

Knut Sneve: kontrabass
Erlend Viken: fele/hardingfele
Anders Engen: perkusjon, dobro, piano

En helt spesiell takk til Finn Sandum som lar oss få boltere oss i hans tekster. Takk til
Ingebjørg og Bjørn, Liv og Torgeir, Eli og Steinar for uvurderlig hjelp og støtte. Takk til
Dag Erik Håvimb, Knut Sneve, Erlend Viken, Olav J. Hoel, Bjørn Kåre Bråten Odde,
Anders Engen, Jens Linell, Jørn Hoel, Ta:lik Records.
Takk til Jørn Hagen/Artpoint for avfotografering av maler. Takk til Oppdalsbanken,
Oppdal E-verk, Pulssenteret, Fundamentering AS (FAS) og Blilyst for økonomisk støtte.

Kontakt/booking:
soliskuggeskog@gmail.com
+47 957 74 037
facebook.com/soliskuggeskog